

Analyse innbyggjarverkstad 6. mai, med tema: folkehelse og bulyst.

Den 6. mai 2025 vart det halde eit innbyggjarverksted på soknehuset på Rysstad. Målet med verkstedet var å diskutere kultur, fritid og aktivitet, og innbyggjarane fekk mellom anna høve til å kome med innspel om korleis ein kan etablere gode møtestader for alle, kva tilbod og aktivitetar som kan utviklast i kultursenteret, samt korleis det kommunale fritidstilbodet best kan organiserast, med særleg vekt på behova til barn og unge.

Dette arbeidet vart også knytt til den pågåande utarbeidinga av den nye kommuneplanen og samfunnsdelen, kor tema som bulyst og folkehelse står sentralt.

Gjennom innbyggjarverkstadet kom det ei rekkje innspel som først og fremst var retta mot bulyst og folkehelse, men som samtidig rørte alle dei fire hovudområda: folkehelse, bulyst, arbeidsplassar og beredskap. Mange av framlegga rørte ved fleire av desse områda samstundes, noko som viser at tema som kultur, fritid og aktivitetstilbod har ei brei samfunnsmessig tyding, ikkje minst for bulyst og folkehelse, men også i høve til arbeidsplassar og beredskap.

I tillegg til dei opphavlege fokusområda, viste det seg at ein ny kategori, eller eit underliggjande tema, naturleg dukka opp i analysen: frivilligheit. Dette er særleg tydeleg når ein ser på kva rolle fritidstilbod og kultur spelar i lokalsamfunnet. Sidan frivilligheit er ein sentral faktor med tanke på SSB sine berekningar for samfunnets bæreevne fram mot 2050, er det viktig å ta med også denne dimensjonen i vidare diskusjonar.

Folkehelse

Når det gjeld folkehelse, kjem det klart fram eit behov for lågterskel, sosiale og varierte aktivitetar som fremjar både fysisk og psykisk helse. Forslag som yoga, paddleboard, babysymjing, barseltrim og universelt tilpassa turstiar understrekar kor viktig det er å nå alle, uavhengig av alder, funksjonsevne eller bakgrunn.

Aktivitetane legg også vekt på fellesskap og glede, med forslag som folkedans, fleirkulturelle kveldar og kokkekurs, der sosialt samvær er like viktig som sjølve aktiviteten. Fysisk aktivitet og førebygging kjem til uttrykk gjennom ønskje om sykkelverkstad, kosthaldskurs og betre turmoglegheiter. Eit særleg viktig trekk er den frivilligheitsbaserte tilnærminga, der forslag som BUA (utstyrutlån), livredningskurs med frivillige og involvering av friske pensjonistar viser korleis lokalt engasjement kan styrkje helsetilbodet. Dette peikar mot at folkehelse bør byggje på tilgjengelege, sosiale og varierte aktivitetar, med frivilligheit som ei berebelke for berekraft.

Bulyst

Innspela knytte til bulyst viser eit behov for eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod som skapar liv og samhald i lokalsamfunnet. Ønskje om konsertar, teater, kino, quizkveldar og digitale tilbod som videoredigering og musikkproduksjon viser eit breitt kulturliv. Like

viktig er behovet for møtestader som fremjar sosial integrasjon, til dømes gjennom filosofikafé, fleirkulturelle matkveldar og dansekveldar. Tilgjenge er også eit hovudtema, med forslag om betre kollektivtransport og meir fleksible opningstider for å inkludera fleire. Aktivitetane bør også favna breitt over aldersgrupper, frå barneidrett til eldrekino og tilbod for unge vaksne. Dette understrekar at bulyst bør sikra eit mangfaldig kulturliv med gode møtestader og tilpassa tilbod for ulike grupper, samt samarbeid med nærliggjande kommunar for å utvida moglegheitene.

Arbeidsplassar

Når det gjeld arbeidsplassar, er det færre direkte innspel, dette er på grunn av at dette ikkje var eit fokus, men det kjem fram at kommunen, lag og foreiningar samt næringslivet kan spela ei viktig rolle. Mange aktivitetar er avhengige av frivillig innsats, noko som kan opna for deltidsstillingar eller koordinatorroller for å støtta opp under arbeidet. Dette peikar mot at arbeidsplassar knytte til kultur og fritid kan utviklast gjennom meir koordinerte frivillighetsprosjekt og tettare samarbeid med næringslivet.

Beredskap

For beredskap viser innspela behov for opplæring, samarbeid og førebygging. Forslag som livredningskurs, kosthaldsopplæring og kurs for foreldre kan styrkja lokalsamfunnet sin beredskap. Frivillighetsstyring er også sentralt, med ønske om å "ta betre vare på frivillige" for å sikre meir strukturerte støttesystem. Førebyggjande tiltak, som heimetenester etter operasjonar, kan også redusera presset på helsevesenet. Dette understrekar at beredskapsarbeidet bør styrkja lokalkunnskap og nettverk, med frivilligheit som ei sentral ressurs.

Oppsummert

Oppsummert viser innspela at kommunen bør styrkja folkehelse gjennom lavterskel, inkluderande, sosiale og varierte aktivitetar med frivilligheit som grunnlag. For bulyst bør ein sikra eit mangfaldig kulturliv med gode møtestader og tilgjenge for alle. Viktig er også å sikra tilgjenge gjennom betre kollektivløysingar og fleksible opningstider, samt å tilpassa aktivitetane for ulike aldersgrupper frå barn til eldre.

Arbeidsplassar knytte til kultur og fritid kan utviklast gjennom betre koordinering av frivilligheita og samarbeid med næringslivet. Beredskapen bør styrkjast gjennom auka lokalkunnskap og betre støtte til frivillige nettverk.

Innan beredskap peikar innspela på behovet for opplæringstilbod som livredningskurs og kosthaldsopplæring, samt betre støtteordningar for frivillige. Førebyggjande tiltak som heimetenester kan også redusera press på helsetenesta.

Tverrgåande tema som frivilligheit, universell utforming og samarbeid på tvers av sektorar er avgjerande for å lykkast. Kommunen bør leggja til rette for enkelt

engasjement, sikra tilgjenge for alle, og nytta potensialet i samarbeid med nærliggjande kommunar, foreiningar og næringsliv for å utvida og styrkja tilboda.

Desse elementa, kombinert med eit sterkt fokus på frivilligheten si rolle, dannar eit godt grunnlag for vidare utvikling av konkrete mål og strategiar i neste fase av arbeidet.